



## Nynorsk kultursentrum

Bibsys  
7491 Trondheim  
[firmapost@bibsys.no](mailto:firmapost@bibsys.no)

Vår ref.: 708-168 OG/MIA

Hovdebygda, 5. november 2014

### Biblioteksystem på bokmål, nynorsk og samisk

Nynorsk kultursentrum bed Bibsys syte for at det nye biblioteksystemet for universitet og høyskular blir komplett utstyrt med dokumentmalar på nynorsk, bokmål og samisk.

Bibliotekbrukarane får sin del av det nye biblioteksystemet, Oria.no, på nynorsk, bokmål og samisk. Det er bra, men det er også sjølvsgt. Det som derimot ikkje er bra, er at den nynorske språkføringa i Oria er langt frå god nok. Vi er kjende med at Bibsys har fått klagar frå fleire hald om dette, og vi bed om svar frå dykk om status for utbetringane og korleis de vil sikre dykk betre kvalitet for framtida.

Dei bibliotektilsette skal bruke systemet Alma til sitt arbeid. Dette erstattar dagens system og blir teke i bruk tidleg i 2015, har vi fått vite. Bibsys har bestemt at Alma berre skal vere tilgjengeleg på engelsk og ikkje blir omsett til korkje bokmål, nynorsk eller samisk. Den avgjerda har utløyst kritikk og sterk frustrasjon i bibliotek-Noreg. Som sitt svar på kritikken skriv Bibsys i e-post 31.10.2014:

«Spørsmålet om hvorvidt det originale engelskspråklige brukergrensesnittet i det nye biblioteksystemet skal oversettes til norsk, nynorsk og samisk ble tidlig forelagt styrende organer. Beslutningen om å benytte Alma med engelskspråklig brukergrensesnitt er basert på en kost/nytte vurdering. Alma er en skybasert tjeneste og oppgraderes jevnlig, for tiden hver måned. Det faktum at en må ha en løpende oversettelse med korte tidsfrister anses ikke å være fornuftig ressursbruk. Om en oversetter brukergrensesnittet vil det tilsvarende være hensiktsmessig å oversette brukerhåndbøker i samme takt, noe som også anses som lite hensiktsmessig. Det er ingen tekniske hindringer for å oversette Alma til andre språk enn engelsk, så de vurderinger som er gjort av Rådgivende gruppe og BIBSYS er basert på praktiske og kostnadmessige hensyn.»

Vi er elles kjende med at Bibsys tidlegare har vist til at det ikkje finst noko lovpålegg for å omsetje slike saksbehandlingssystem, men vi merkar oss at denne påstanden er lagd bort i argumentasjonen ovanfor. Same korleis Bibsys tolkar mållova, ville vi rekne med at Bibsys tok mål av seg til å føre vidare den godt utvikla fagterminologien som finst for bokmål og nynorsk, og at Bibsys vil gjere alt denne verksemda kan for å styrkje bruken av norsk og samisk som fagspråk. Vi ville også vente at Bibsys hadde ambisjonar om å vere betre enn ein absolutt minimumsstandard.

Nynorsk kultursentrum har vore medlem i Bibsys sidan 2000. Då vi søkte om medlemskap i brev 24.7.2000, skreiv vi mellom anna: «Som ein nasjonal kulturinstitusjon med eit fagbibliotek innanfor nynorsk skriftkultur er det viktig å vise dei unike samlingane



vi sit med og kunne utveksle fagkompetanse der det er ønskeleg eller nødvendig.» Dette har kravt meir av oss enn vi hadde venta. Nynorsk kultursentrum har ved fleire høve funne det nødvendig å ta opp den språklege praksisen i Bibsys, til dømes i brev 28.1.2005, og vi har stilt opp med hjelp til betre nynorsktekstar, t.d. 6.2.2007 og 29.4.2010, og ved fleire seinare høve. I praksis inneber dette at nynorskbrukande institusjonar i Bibsys må gjere meir enn bokmålsbrukande institusjonar for å få fullgode tenester.

Frå og med 2011 har Bibsys teke over for Norbok som nasjonalbibliografi. Vi ser inga meining i at Noreg med to av dei mest robuste skriftspråka i verda skal tvinge eigne innbyggjarar til å bruke engelskspråkleg programvare i nokon slik samanheng.

Det Bibsys no tek sikte på å gjere, finn vi rett og slett uakseptabelt. Det er prinsipielt umogleg for Nynorsk kultursentrum å vere medlem i ein norsk institusjon som på denne måten i røynda motarbeider det både Stortinget og skiftande regjeringar har sagt om kor viktig det er å sikre norsk – nynorsk og bokmål – som komplette og samfunnsberande språk.

Difor bed vi Bibsys gjere om på planane sine, og vi bed om svar innan 20.11.2014.

Med venleg helsing  
Nynorsk kultursentrum



Ottar Grepstad  
direktør

**Kopi**

Kulturdepartementet  
Kunnskapsdepartementet  
Språkrådet  
Universitets- og høgskulerådet  
UH Nett Vest  
Nasjonalbiblioteket  
Sametinget